**Miljø og tilsyn**

Hjelmås Vvs AS
Peder Hagesæter
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Hogne Askeland | 04.05.2021 |
| Vår: 20/18665 - 21/30249 | hogne.askeland@alver.kommune.no | |

# Ferdigattest - gbnr 94/2 Skodvin nedre

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 533/21**
**Tiltakshavar:** Lindbjørg Maria Titlestad Bogevik
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås Vvs AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for minirenseanlegg på gbnr 94/2 Skodvin nedre.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 23.12.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.04.2021.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Lindåsvegen 1755 |
| Tiltak: | Minireinseanlegg med tilhøyrande leidningsnett |

**Regelverk**
- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/18665

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen<br>Avdelingsleiar | Hogne Askeland<br>Konsulent |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hjelmås Vvs AS | Torvhusmyrane 2 | 5913 | EIKANGERVÅG |
| Lindbjørg Maria Titlestad Bogevik | Lindåsvegen 1755 | 5956 | HUNDVIN |